



FRAMMØTTE: Det var stort fram møte av lokalbefolkninga då Kronprins Haakon fredag var på offisielt besøk i Fjærland. Norsk Bremuseum fyller 25 år i år, og det var Dronning Sonja som i 1991 opna bremuseet.

ALLE FOTO: GAUTE DVERGSDAL BØYUM

H.K.H. Kronprins Haakon deltok på 25-årsjubileum ved Norsk Bremuseum i Fjærland.

Kjem gjerne att med fa

SOGNDAL: Kronprins Haakon var svært godt nøgd med opphaldet i brebygda Fjærland fredag.

STIG ROGER EIDE/GAUTE DVERGSDAL BØYUM
redaksjon@firda.no
911 49 815

- Det er ikkje mange bygder som sit på så mykje kunnskap og formidlar det på ein så god måte som dei gjer her i Fjærland, kunne Kronprins Haakon fastslå overfor Firda under vitjinga i brebygda fredag.

Han var på offisielt besøk i Fjærland i samband med at Norsk Bremuseum markerer sitt 25-årsjubileum. Og det var mor til kronprinsen, Dronning Sonja, som i 1991 stod for den offisielle opninga.

- Det at det var mor mi som

opna dette museet for 25 år sidan, gjer sitt at eg har høyrte mykje om dette museet, og ikkje minst om denne vakre plassen Fjærland, sa Kronprins Haakon etter at han tidleg på dagen hadde vitja Brævasshytta ved foten av Bøyabreen. Her vart han møtt av dagleg leiar av Brævasshytta, Gerd Bøyum, samt styreleiar Olav Orheim og professor Atle Nesje, begge ved Norsk Bremuseum.

Grøn skule

Ved foten av den stadig minskande brefronten vart Kronprins Haakon også introdusert overfor dei to elevane ved Firda vidaregåande skule på Sandane, Eirik Hovstad og Rakel Rose Øvretveit, som saman med rektor Hallgeir Hansen og lærar Martin Eikeset ved nordfjordskule orienterte om prosjektet «Grøn skule».

- Når vi ser kor breen bak her minkar år for år, så er eg sikker på at dette med «Grøn skule» blir viktigare og viktigare i framtida. Og difor har eg veldig lyst å komme tilbake hit. Men då med heile familien. For både Mette Marit og borna er veldig opptekne av klima. Spesielt skulle Ingrid ha vore her for å lære meir om «Grøn skule», sa kronprinsen då han reiste ned til Norsk Bremuseum.

Mykje folk

I tillegg til godt fram møte av lokalbefolkninga, så vart kronprinsen der motteken av John Brekke (direktør Norsk Bremuseum), Siri Hatlen (nestleiar i styret for Norsk Bremuseum), Pål Kielland (fagleg ansvarleg Norsk Bremuseum) samt fylkesordførar Jenny Følling.

Fjærland Kammerkor opptrådte, før følget med kronprin-

sen vert vist rundt om i Bremuseet. Som avslutning på dagen deltok Kronprins Haakon på eit klimaseminar ved bremuseet, kor mellom andre professor Eystein Jansen, forskningssjef Cecilie Mauritzen, avdelingsdirektør Camilla Schreiner, stortingsrepresentant Nicolai Astrup, kommunikasjonsdirektør Christian Bjørnæs og direktør Tore Furevik tok for seg forskjellige sider ved klimaarbeidet i Norge.

- Dronning Sonja har jo vore her i Fjærland mange gonger. Du vil ikkje ta opp den arven, Kronprins Haakon?

- Eg har som sagt lyst å komme tilbake. Men då med familien. Og det har seg slik at eg går ein del i fjellet. Men uansett kor eg går, så har mamma vore der før, understreka kronprinsen med eit smil før han hasta vidare.



SONG: Fjærland Kammerkor underheldt utanfor Norsk Bremuseum.



INTERESSE: Her orienterer Olav Orheim ein engasjert kronprins i klimatunnellen på bremuseet.



MØTE: Det var vesle Maren Mundal Skjelten som fekk overrekke blomster til Kronprins Haakon.



TETT PÅ: Ved Bøyabreen fekk Kronprins Haakon og følget hans komme tett på breen.

erland milien



ENGASJERT: Kronprins Haakon var svært engasjert i klima-problemstillinga. Her i dialog med dekan Stein Joar Hegland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane ved Bøyabreen.

Uventa positiv utvikling i fylket

ARBEIDSLIV: Sogn og Fjordane har lågast arbeidsløyse i landet, seier NAV-direktøren.


KJELL OVE NORDEIDE
kjell.ove.nordeide@firda.no
911 49 803

- Utviklinga på arbeidsmarknaden dei siste månadene er meir positiv enn vi hadde venta. Dette er det lågaste månadstalet vi har hatt sidan desember 2014. Samstundes er tilgangen av ledige stillingar god, seier direktør for NAV Sogn og Fjordane, Tore Thorsnes.

Mot straumen

I mai var det 982 personar i Sogn og Fjordane heilt utan arbeid. Dette er 88 færre enn i same månad i fjor. Med 1,7 prosent av arbeidsstyrken heilt utan arbeid, har vi lågast arbeidsløyse i landet, går det fram av ei pressemelding frå NAV.

På landsnivå har arbeidsløysa auka med 5348 personar (7 prosent) frå mai i fjor. Det er no 80.342 heilt ledige, tilsvarende 2,9 prosent av arbeidsstyrken. Vestland fylka, med unntak av Sogn og Fjordane, og Agder fylka står for det meste av auken.



GODE TAL: - Tilgangen av ledige stillingar er god, seier direktør for NAV Sogn og Fjordane, Tore Thorsnes.

FOTO: PRESSEFOTO

12 kommunar i Sogn og Fjordane har reduksjon i arbeidsløysa i mai. Størst reduksjon har Vågsøy med 43 færre ledige enn på same tid i fjor og Stryn med 32 færre ledige. Hornindal og Solund har lågast arbeidsløyse.

Flest ledige på kysten

Den høgaste arbeidsløysa finn vi i kystkommunane Selje (4,0 prosent), Flora (3,4 prosent) og Bremanger (3,4 prosent). Til saman 36 permitterte i fiskeindustrien i desse tre kommunane bidreg til dette, opplyser NAV.

LES MEIR PÅ FIRDA.NO

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane har hovudkontor på Sandane. Museet har følgjande hovudavdelingar; DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sunnfjord Museum og Norsk Kvernsteinsenter med til saman 50 tilsette.

Det er no ledig stilling som:

SEKRETÆR/MUSEUMSVERT

ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane i Florø

Arbeidsoppgåvene vil vere ansvar for daglege administrative rutinar, arkiv og drift av museumsbutikk og utleigehus m.m., vidare å vere med å løyse dei museumsfaglege oppgåvene som til ei kvar tid er prioriterte ved museet.

Kompetanse og kvalifikasjonar

- Røynsle frå kontorarbeid og fyrstelineteneste
- Røynsle frå føring av rekneskap

Det er ønskeleg med

- Interesse for museums- og kulturvernarbeid
- Språkkunnskapar

Personlege eigenskapar

- Målretta og strukturert
- Gode samarbeidseigenskapar

Vere fleksibel med tanke på intensive arbeidsøktar på museet.

Stillinga blir lønna etter avtale, basert på landsoverenskomsten for museum. God pensjonsordning.

Nærare opplysningar får ein ved å vende seg til avdelingsdirektør Berit Høvik tlf. 958 01 708 eller sjå www.misf.museum.no.

Søknad med CV skal sendast innan 30.06.2016 til post@misf.museum.no eller pr. post til Musea i Sogn og Fjordane, Gota 16, 6823 Sandane.